

Utviklingsplan for Os gymnas for skuleåret 2017-2018

Visjon

Os gymnas skal utvikle eit aktivt og inkluderande læringsmiljø, prega av engasjement, innsats, motivasjon og trivsel.

Pedagogisk plattform

Målet for opplæringa ved Os gymnas er å ruste elevane til å møte livets oppgåver og vidare studium slik at evner og vilje blir utvikla til å meistre utfordringar saman med andre.

Os gymnas legg difor vekt på:

- at alle i skulesamfunnet møter kvarandre med respekt og arbeider for rettferd og likeverd
- å skape eit trygt, engasjerande og inkluderande læringsmiljø med optimal læring
- at alle deltek og tek medansvar i skuledemokratiet for at skulen skal få eit godt og inkluderande arbeidsmiljø

Mål for opplæring 2017-2018

Auka læringsutbytte gjennom blant anna eit noko høgare læringstrykk, oftare undervegsvurderingar med enda høgare kvalitet og aktivt arbeid blant elevane med tilbake- og framovermeldingane.

Prosess i arbeidet med planen

- Utviklingsplanen for Os gymnas har blitt utarbeidd av lærarane og leiinga i fellesskap. Ein har arbeidd med utviklingsplanen både individuelt, seksjonsvis, i tverrfaglege grupper og i fellesskap. Elevane har fått høve til å diskutere og kome med innspel i god tid før ein begynte å skrive planen, og dei har blitt tekne med på råd undervegs. Den endelege planen vil bli tatt opp i elevrådet til handsaming tidleg i skuleåret.

Hordaland fylke har i styringsdokument 2016-2018 to hovudområde som skal ha særskild merksemd: Auka læringsutbytte og fullføring. Os gymnas har teke utgangspunkt i desse føringane i samband med utarbeiding av planen. Vi har blant anna hatt nær dialog med elevrådet i forkant.

I skuleåret 2016/2017 har elevane uttalt seg om korleis dei har opplevd satsingsområda i praksis i inneverande skuleår. Dei har bl.a. uttalt seg om desse punkta frå utviklingsplanen: 1. felles handheving av ordensreglementet, 2. riktig bruk av PC i timane, 3. læringsutbytte og verdien av ulike typer vurderingar. Punkta har blitt diskutert i elevrådet saman med leiinga, og tillitselevane har tatt punkta opp til diskusjon i sine klassar, og tatt synspunkta frå klassane attende til leiinga, både munnleg og skriftleg. Same prosedyre er følgd når det gjeld resultata frå elevundersøkinga. Leiinga har lagt synspunkta til elevane fram for lærarane. Med utgangspunkt i resultata frå elevundersøkinga, og det som har komme fram i prosessen med elevane og lærarane har vi saman laga utviklingsplan for skuleåret 2017/2018. Både elevar og lærarar har uttalt seg om kva som bør vere satsingsområde neste skuleår. Vi ønskjer å ha fokus på auka læringsutbytte og auka kvalitet på undervisninga.

Auka læringsutbytte

Skulen har dei siste åra hatt eit sterkt fokus på vurdering for læring. Vi vil framleis ha fokus på desse områda:

1. Korleis gje tilbakemelding som faktisk fører til læring?
2. Korleis auke kvaliteten på tilbakemeldingane?
3. Korleis følgje opp at elevane faktisk arbeider med tilbakemeldingane?
4. Korleis gjere kriteria for karakterane enda tydelegare slik at elevane veit kva som er venta av dei, forstår samanhengen mellom læringsmåla og vurderingskriteria, slik at dei forstår kva som skal til for å oppnå dei ulike karakterane?

I tillegg vil vi i skuleåret 2017/2018 arbeide seksjonsvis og innanfor kvart fagområde med å «bryte ned» læringsmåla til forstålege og meir konkrete mål for elevane.

Vi vil også arbeide for å få til eit nærare og betre samarbeid mellom faglærarane på tvers av/ innan faggrupper slik at ein har felles vurderingspraksis og felles norm for kva som inngår i sluttvurderinga. Ein ønskjer også tverrfagleg samarbeid rundt pedagogiske emne: eigenvurdering, læringsstrategiar, undervisningsmetodar, vurdering m.m.

Tal på elevar som ikkje møter til vurderingssituasjonar har gått ned etter at den nye fråværsregelen kom, men det er framleis nokre tilfelle av det ein opplever som «strategisk skulk» frå vurderingssituasjonar.

Lærarane som underviser i framandspråk og matematikk har dei siste åra hatt eit auka læringstrykk gjennom å ha hyppige små testar. På denne måten får lærarane betre oversikt over om elevane har fått med seg det dei skal. Elevane får kontrollert kva dei har lært, kor dei står og kva dei må jobbe vidare med. Slike hyppige testar gjer det også enklare å tilpasse opplæringa. For skuleåret 2017/2018 vil vi forsøkje å auke læringstrykket tilsvarande i fleire fag.

Auka kvalitet på undervisninga gjennom auka fagleg og pedagogisk samarbeid

Fagleg samarbeid er viktig for å utvikle og forbetre undervisninga på skulen. I skuleåret 2017-2018 har vi difor gjort endringar i møtetidspunkta til fast møtetid på fredagar, slik at lærarane får gode og regelmessige møtetidspunkt for fagleg og pedagogisk samarbeid med planlagde og spesifiserte tema innan fagseksjonar og på tvers av fagseksjonar og fagavdelingar.

Tilrettelegging for deling av gode undervisningsopplegg og undervisningsmateriell. Bli medlem i kvarandre sine fag på It's Learning og opprette fellesområde der ein legg ut fagstoff.

Tilbakemelding på eiga undervisning er også ein viktig del av utviklingsarbeidet. Besøk av næraste leiar, med samtale i forkant, refleksjon og tilbakemelding i etterkant.

Skulen vil halde fram med det gode samarbeidet med elevrådet og fortsette å ha faste møte om pedagogiske emne. Skulen vil framleis arbeide aktivt med forbetringpunkta frå elevundersøkinga og bringe andre innspel frå elevrådet inn i det pedagogiske utviklingsarbeidet på skulen.

Tiltaksplan

| Utviklingsmål: Auka læringsutbytte | | | | | | |
|--|--|---|-------------------------------|----------------------------|-------------------------|---------------------------------|
| Mål | Tiltak | Resultatmål/ kjenneteikn | Start – slutt Milepælar | Ansvarleg/ organisering | Ressursar | Dokumentasjon Evaluering |
| Elevane skal arbeide jamt og strukturert med faga. | <p>Faglærarane* i same fag på same trinn må bli einige om kva ein forventar av arbeidsinnsats frå elevane, på og utanfor skulen, for å oppnå dei ulike karakterane. Dette må kommuniserast til elevane.</p> <p>Faglærarane saman med avdelingsleiarane må også bli einige om kor mange vurderinger både med og utan karakter ein skal ha i faget.</p> <p>*Faglærarar i fag som ikkje har parallelle grupper må diskutere dette med fagseksjonen og avdelingsleiar.</p> | <p>Auka innsats i timane. Betre læringsutbytte og resultat.</p> <p>Elevane møter førebudd til timane.</p> | 16.8.17 – 22.6.18 | Avdelingsleiar og faglærer | Ingen ekstra ressurser. | Evaluering ein gong i terminen. |

| | | | | | | |
|--|---|---|-------------------------|--|-------------------------|---------------------------------|
| Få elevane til å arbeide med tilbake-meldingane frå lærarane | <p>Eigenvurdering / refleksjon etter vurdering, t.d. refleksjonsnotat, kommentarar utan karakter, jobbe med spesielle feiltypar.</p> <p>Synleggjere kvalitets- og vurderingskriterium for elevane (blant anna gjennom å vise døme i forkant av vurderingssituasjonar).</p> | <p>Bevisst bruk av lærarane sine tilbakemeldingar.</p> <p>Gi elevane betre innsikt i eige fagleg arbeid og utvikling.</p> <p>Heve det faglege nivået.</p> <p>Betre resultat i elevundersøkinga.</p> | 16.8.17 – 22.6.18 | <p>Elevar Faglærer Leiinga</p> <p>Faglærer</p> | Ingen ekstra ressurser | Evaluering ein gong i terminen. |
| Meir motiverte elevar | <p>Trekke elevane inn i planlegging av undervisinga, t.d. høyre med elevane kva metodar dei vil ha (dersom det er mogleg).</p> <p>Bevisstgjerjing av kvifor dei skal lære om ulike emne i faga, og kva som blir kravd.</p> <p>Prøve ut felles opplæring i studieteknikk og skiving etter same mønster som ein bruker i matematikk, framandspråk og kildekritikk for VG1 ved skulestart.</p> | <p>Auka læring.</p> <p>Auka trivsel.</p> | 16.8.17 – 22.6.18 | Faglærer og elevar | Bruk av eigne ressursar | Evaluering ein gong i terminen. |
| Hindre strategisk skulk | Sende IV-varsel ved første fråvær frå ein vurderingssituasjon. | Mindre fråvær frå vurderingssituasjonar. | 16.8.17 – 22.6.18 | Faglærer. | Ingen ekstra ressursar. | Evaluering ein gong i terminen. |

| | | | | | | | |
|--|--|--|--|--|--|--|--|
| | | | | | | | |
|--|--|--|--|--|--|--|--|

Utviklingsmål: Auka kvalitet på undervisninga gjennom auka fagleg og pedagogisk samarbeid

| Mål | Tiltak | Resultatmål/ kjenneteikn | Start – slutt Milepælar | Ansvarleg/ organisering | Ressursar | Dokumentasjon Evaluering |
|--|--|---|-------------------------------|----------------------------|------------------------|------------------------------------|
| Fagleg samarbeid som vil føre til enda betre undervisning, der elevane også opplever at kvalitet og vurderingskriterium er felles. | <p>Fast møtetid på fredagar for fagleg og pedagogisk samarbeid.</p> <p>Planlagde og spesifiserte tema innanfor fagseksjonar og på tvers av fagseksjonar og fagavdelingar.</p> <p>Bli medlem i kvarandre sine fag på It's Learning og opprette fellesområde der ein legg ut fagstoff.</p> <p>Besøk av næraste leiar, med samtale i forkant, refleksjon og tilbakemelding i etterkant.</p> <p>Samarbeide med elevrådet om pedagogiske emne. Arbeide aktivt med forbetningspunkta frå elevundersøkinga og bringe inn andre innspill frå elevrådet i det pedagogiske utviklingsarbeidet.</p> | <p>Betre resultat i elevundersøkinga</p> <p>.</p> <p>Betre læringsresultat.</p> | 16.8.17 – 22.6.18 | Leiinga Faglærer | Ingen ekstra ressursar | Evaluering ved slutten av terminen |